

## Årsrapport 2013



## Innhald

Samandrag frå nasjonalbibliotekaren .....	3
1 STRATEGISKE SATSINGAR.....	6
1.1 Det digitale nasjonalbiblioteket.....	6
1.2 Nasjonal bibliotekpolitikk og bibliotekutvikling .....	7
1.3 Forskingsinfrastruktur .....	10
1.4 Samlingsutvikling.....	12
1.4 Publikumstilbod i Henrik Ibsens gate .....	13
2. MÅLOMRÅDE MED INDIKATORAR OG AKTIVITETSBEKRIVINGAR .....	16
2.1 Nasjonalbiblioteket skal byggje opp, supplere og halde ved like samlinga og gjere henne tilgjengeleg for bruk. ....	16
Utviklinga av samlinga med omsyn til unikt materiale.....	16
Avvik frå internasjonale standardar for langtidsbevaring .....	16
2.2 Nasjonalbiblioteket skal arbeide for auka bruk av samlinga gjennom aktive formidlingstiltak. ....	16
Publiseringar.....	17
Tilvisingar til innhald i nb.no frå refererande domene.....	17
Talet på utstillingar i og utanfor eigne lokale med besøkstal.....	17
Digitale utstillingar/ressurssider med besøkstal .....	17
Treff og nedlastingar via nb.no .....	18
Deltaking i forskingsprogram.....	18
Bruken av språkressursar i Språkbanken .....	18
2.3 Nasjonalbiblioteket skal vere ein møteplass for kunnskap og oppleving. ....	18
Prosentvis belegg av lesesalsplassar og forskarplasser .....	18
Besøk i Henrik Ibsens gate 110.....	18
2.4 Med grunnlag i utvikling av eigne tenester og gjennom tildeling av utviklingsmidlar skal Nasjonalbiblioteket bidra til å utvikle biblioteka og ein nasjonal bibliotekpolitikk. ....	19
Biblioteksøk .....	19
Digitale aviser i lokale bibliotek .....	19
Møte i dialogforum på bibliotekutviklingsområdet.....	19
3 ØKONOMI.....	20
Inkluderande arbeidsliv .....	20
Sjukefråvær .....	20
Likestilling .....	21
Tilsette.....	22
Lærlingar .....	22
Organisatoriske forhold og bygg.....	22
4 NASJONALBIBLIOTEKET I MEDIA i 2013.....	24
5 VEDLEGG .....	27
5.1 Strategien og hovudsatsingsområda til Nasjonalbiblioteket .....	27
5.2 Nokre viktige anskaffingar til samlinga til Nasjonalbiblioteket i 2013 .....	30
5.3 Oversikt over samlinga til Nasjonalbiblioteket.....	31
5.4 Tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar i 2013.....	33
5.5 Aviser med digitaliseringsavtale og tilgang i norske bibliotek .....	35
5.6 Vinnarane av språkkonkurransen i samband med Språkåret 2013 .....	36
5.7 Forklaringar til statsrekneskapen for 2013.....	37
5.8 Publikasjonar .....	40
5.9 Rapportering om tryggleikstilstanden ved Nasjonalbiblioteket.....	41

# Samandrag frå nasjonalbibliotekaren

## Det digitale nasjonalbiblioteket

På slutten av 2013 fekk den viktige kulturpolitiske satsinga på digitaliseringa og tilgjengeleggjeringa av Nasjonalbiblioteket si samling, med **Bokhylla.no** som det viktigaste dømet, mykje merksemd internasjonalt. Oppslag i mange av dei leiande internasjonale media og fleire hundre Twitter-meldingar i alle verdsdelar førte til at det blei søkt til **nb.no** frå fleire kontinent. Det er sjølvstekt spektakulært og kanskje først og fremst eit teikn på kor god evne dei sosiale media har til å spreie nyheiter. Samtidig er det eit substansielt uttrykk for at ein også utanfor Noreg ser at det norske nasjonalbiblioteket har komme langt når det gjeld både strategiar for og utvikling av digitale tenester for å bevare og få tilgang til kultur- og kunnskapsarven. Andre land ser til det som blir gjort i Noreg på dette området.

## Eit nasjonalbibliotek ved inngangen til det 21. hundreåret må vere digitalt

I 2004, då arbeidet med målsetjing og strategiar for eit nasjonalbibliotek på tvers av avdelingane i Mo i Rana og Oslo starta, var den overordna analysen at eit nasjonalbibliotek ved inngangen til det 21. hundreåret måtte vere digitalt. Ambisjonen var så raskt som mogleg å etablere eit digitalt arkiv og gjere mest mogleg tilgjengeleg. Prioriteringa for digitalisering skulle kvalitetssikrast ut frå ei fagleg vurdering av innhald med tanke på kunnskapsbasert formidling. Kunnskapsutvikling og digital tilgang er begge føresetnader for utviklinga av eit forskingsbibliotek. Ved utgangen av 2013 er ambisjonen i ferd med å bli ein realitet.

## Meir digital formidling

Det blei registrert om lag 487 millionar sidevisingar frå nettsidene til Nasjonalbiblioteket i 2013. Det er ei fordobling frå 2012 og seks gonger så mykje som i 2011.

Ein stor del av auken er knytt til bruken av Bokhylla. Men også bruken av digitale tenester for aviser, foto, kringkasting og film har auka. Strategien om å gi tilgang til det digitale nasjonalbiblioteket gjennom stadig fleire lenkjer til inngangar som biblioteksystem og til dømes Google, har gitt positiv effekt.

Det har heile tida vore fokus på å gjere det digitale materialet tilgjengeleg på nett, anten når det ikkje lenger er verna av opphavsrett, eller når Nasjonalbiblioteket har forhandla fram avtalar med rettshavarar.

I 2013 er det inngått fleire nye avtalar med aviser, slik at det no er 16 aviser i tenesta, og fleire avtalar med NRK om digitalisering og bevaring som òg gir grunnlag for digital tilgang.

Avtalar med kommunar om å bruke Widerøes flyfoto er òg døme på grunnlag for ytterlegare digital formidling på nett.

## Utvikling av grensesnitt

Også i 2013 har det vore gjort ei rekkje forbetringar og endringar i grensesnittet for tilgangen til det digitale materialet. Døme på det er at tidsskrift er tilgjengelege, og det er ein høgare kvalitet for tilgang til foto. Det er utvikla ein mobil plattform og integrasjon med Nasjonalt lånekort. I tillegg er det blitt enklare for andre å utnytte dataa frå Nasjonalbiblioteket fordi det er lagt til rette for fleire API-ar som andre kan bruke, altså tilgang for andre til biletfiler av ulikt materiale, nedlasting av enkeltpostar av metadata og tilgjengelege PDF-ar.

## Utvida kollektiv lisensavtale

Ein viktig føresetnad for avtalen Nasjonalbiblioteket har inngått med Kopinor for å kunne gi tilgang til alle bøker som er gitt ut i Noreg til og med år 2000, er den utvida kollektive

lisensavtalen. Dette prinsippet ligg òg til grunn når det i 2013 har vore ein begynnande kontakt om avtalar mellom musikkorganisasjonane og Nasjonalbiblioteket.

Alle dei nordiske landa har eit lovverk som gjer ein variant av den utvida kollektive lisensavtalen mogleg. Nasjonalbibliotekarane i Norden har tidlegare teke opp spørsmålet om ein nordisk avtale om utveksling av digital kulturarv. Utviklinga gjer dette stadig meir aktuelt, og det norske nasjonalbiblioteket har i 2013 fått spørsmål frå fleire hald i Europa om å studere den norske modellen.

### **Digitalt arkiv**

Innhaldet i det digitale sikringsmagasinet har auka, både gjennom den systematiske digitaliseringa for bevaring og gjennom digital avlevering.

Som det går fram av oversikta i årsmeldinga, har det digitale arkivet auka med meir enn 50 prosent samanlikna med målsetjinga for året. Lagringskapasiteten for langtidsbevaring har auka, og det er stort behov for ytterlegare kapasitetsutvikling, både for å sikre digitalisering av materiale som er i ferd med å bli øydelagt, og for å sikre tilgang på etterspurt materiale. I tillegg til bøker og aviser har digitalisering av musikk og film vore prioritert.

Innanfor alle medietypar har innhald som er relevant for feiringa av grunnlovsjubileet, vore digitalisert, og i samarbeid med Stortingsarkivet har Nasjonalbiblioteket gjort stortingsforhandlingar frå 1814 til 2005 tilgjengelege på nett med eige grensesnitt.

### **Relevans og Digital Humanities**

Ei anna viktig årsak til at bruken av det digitale aukar, er relevansen for forskning og undervisning. Auken av multimedialt materiale i det digitale sikringsmagasinet, kombinert med nye grensesnitt for tilgang, søkbare bibliografiar og konferansar med målgrupper både nasjonalt og internasjonalt, har skapt meir etterspurnad etter det digitale. Nasjonalbiblioteket bidreg til eller deltek i stadig fleire forskingsprosjekt, mellom anna med å leggje til rette digitalt innhald. I samråd med fagmiljø innanfor både musikk, film og medievitskap har materiale blitt lagt digitalt til rette for bruk i forskinga, og fleire bokutgivingar har basis i forskningssamarbeid som Nasjonalbiblioteket bidreg til. Dei digitale samlingane er etter kvart blitt så store og har eit så mangfaldig innhald at ein begynner å kunne kombinere søk for få ny kunnskap som tidlegare ikkje var mogleg. Det er interessant for forskarane i eit «Digital Humanities»-perspektiv og kan gi norske forskarar eit internasjonalt fortrinn. Slik blir det digitale og kunnskapsutviklinga kombinert, slik ambisjonen har vore.

### **Bibliotekutvikling**

Vedtaket i Stortinget om å revidere biblioteklova har prega 2013. Den nye formålsparagrafen som forsterkar folkebiblioteka si rolle som møteplass og arena for debatt, har alt i 2013 fått tildelt prosjektmidlar som dreg i den retninga, sjølv om dei ikkje er øyremerkte før budsjettåret 2014. Det blir stadig fleire plakattutstillingar, noko som òg har vore med å gjere folkebiblioteka til viktige møteplassar, mellom anna i samband med jubileum og markeringar. Også den digitale utviklinga har vore viktig for Nasjonalbiblioteket sitt oppdrag med å bidra til den nasjonale bibliotekutviklinga, både fordi tenestene kjem andre bibliotek til nytte, og fordi det har vore prosjekt i andre bibliotek som byggjer på det Nasjonalbiblioteket har utvikla.

### **Brukarundersøking**

Våren 2013 gjennomførte Nasjonalbiblioteket for første gong ei stor brukarundersøking for å kartleggje meiningane og synspunkta til brukarane og omgivnadene. Det overordna målet var å få tilbakemeldingar som skal brukast i den vidare utviklinga av institusjonen. I tillegg til ein omnibusdel til eit representativt utval av det norske folket vende undersøkinga seg mot

nettbrukarane, publikum i Henrik Ibsens gate 110, forskarsamfunnet og dei norske biblioteka. Undersøkinga viste at mange er svært nøgde med Nasjonalbiblioteket og tenestene våre, men ho viste samtidig at det i nokre miljø er avgrensa kunnskap om institusjonen og tenestene, i første rekkje i forskingsmiljøet. Det blir ei viktig oppgåve å gjere noko med dette i tida framover. Denne erkjenninga var òg ei av grunngevingane for å styrkje samhandlinga mellom førstelinjeforidlinga og forskningstilrettelegginga gjennom å fusjonere foridlingsavdelinga og avdelinga for forskning og foridling.

Det mest gledelege var å sjå kor nøgde biblioteka var med både tenestene frå Nasjonalbiblioteket og kontakten med institusjonen. Nasjonalbiblioteket har hatt ansvaret for den nasjonale bibliotekutviklinga sidan ABM-utviklinga blei oppløyst i 2010, og det er godt å få ei stadfesting på tiltaka og vegvala som er gjorde i dette arbeidet dei siste åra. (Heile undersøkinga kan lesast på [nb.no](http://nb.no).)

Vigdis Moe Skarstein  
Nasjonalbibliotekar

# 1 STRATEGISKE SATSINGAR

## 1.1 Det digitale nasjonalbiblioteket

### **Meir bruk av nb.no**

Totalt blei det registrert om lag 487 millionar sidevisingar frå nettsidene til Nasjonalbiblioteket i 2013. Det er ei dobling sidan 2012, og nesten ei seksdobling samanlikna med 2011. Vi har lansert ei meir avansert teneste for tilgang til fotografi, med høve til å zoome inn på detaljar i bileta. Det er òg gjort ein del mindre endringar i det digitale biblioteket etter tilbakemeldingar frå brukarane.

Formidling av digitalt innhald blir gjort anten ved at materiale har falle i det fri, eller ved at det er inngått avtalar med rettshavarane. Auken i avtalebasert tilgjengeleggjering i 2013 er mellom anna 33 000 nye boktitlar under Bokhylla-avtalen, og 150 000 nye avishefte etter avtale med ulike avishus. Av «i det fri-materiale» har det blitt tilgjengeleg i tenesta fleire manuskript, filmar, foto, bøker, tidsskrift og aviser.

### **Meir bruk av Bokhylla**

Noko av årsaka til at bruken av det digitale biblioteket har auka, er den positive effekten etter lanseringa av den permanente utgåva av Bokhylla mot slutten av 2012. Auken har halde fram i 2013, og totalt er meir enn 63,5 millionar boksider viste i det digitale Nasjonalbiblioteket i 2013. Det er ein auke på 24 prosent samanlikna med 2012. I tillegg er det lasta ned meir enn 46 000 PDF-versjonar av dei vel 20 000 boktitlane som har falle i det fri. Det siste er ein auke på nesten 50 prosent frå 2012. Mange av Bokhylla-brukarane loggar seg ikkje inn via nb.no, men kjem via lenkjer i BIBSYS, andre biblioteksystem, Google og Wikipedia. Den digitale bokhylla til Nasjonalbiblioteket har 157 000 boktitlar ved utgangen av 2013.

### **Fleire bruker historiske avisarkiv**

Den digitale avistenesta gir alle norske bibliotek tilgang til historiske avisarkiv. I 2013 har rundt 370 norske bibliotek teke tenesta i bruk. Innhaldet har i løpet av året auka frå om lag 200 000 til 350 000 avishefte, og det er gjort oppslag i 1,5 millionar avissider. Det er i 2013 inngått avtalar med fleire nye aviser om digitalisering av historiske arkiv, digital avlevering av nye utgivingar og vising i bibliotek.

### **Deltaking med digitalt innhald i internasjonale nettformidlingstenester**

Nasjonalbiblioteket har i 2013 vidareført arbeidet med å bidra med innhald i Europeana og European film-gateway (EFG), TEL (The European Library), Electronic Memory of the Arctic og World Digital Library.

### **Digitaliseringsprogrammet**

Digitaliseringsprogrammet er i 2013 overoppfyllt når det gjeld voluma som blei bestemte i handlingsplanen for året. Det gjeld både samla og for dei aller fleste materialtypar. Digitaliseringa har omfatta bøker, aviser, tidsskrift, foto, handskrifter, notemanuskript, plakatar, radio, musikk, film og trua lyd- og videoformat. Samarbeidet med stortingsarkivet om digitalisering av alle stortingsforhandlingar i tidsrommet 1814–2005 er slutført. Stortinget lanserte i november ei teneste basert på resultatet av dette samarbeidet (<http://www.stortinget.no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandling/>).

### **Frå trykt materiale**

Det er digitalisert 58 000 bøker (9,7 millionar boksider) og 167 000 avishefte (3,2 millionar avissider). Alt materialet kan fulltekstsøkjast. Det er digitalisert om lag 52 000 foto, 56 000 sider handskrifter og notemanuskript og om lag 52 000 timar historisk radiomateriale.

### **Audiovisuelt materiale**

Den systematiske konverteringa av opptak frå trua lydformat i samlinga til digitale bevaringsformat har halde fram i 2013. Om lag 3800 einingar er digitaliserte frå ulike bandformat og 78-plater. I andre halvår kom digitaliseringa av film i bevaringskvalitet i gang, og det blei før årsskiftet digitalisert rundt 200 filmar.

### **Digital langtidsbevaring**

Totalkapasiteten i det digitale sikringsmagasinet til Nasjonalbiblioteket auka frå 12 til 18 petabyte. Alt innhaldet blir lagra i tre ulike kopiar, slik at plassen som er sett av til unikt innhald, no er rundt 6 petabyte.

Ein kopi av det digitale fjernsynsarkivet til NRK (Programbanken) blei plassert i Nasjonalbiblioteket sommaren 2013. I 2014 skal kopien integrerast med Programbanken i NRK, slik at all tilvekst av digitale fjernsynsprogram i NRK (i produksjonskvalitet) automatisk blir kopiert til Nasjonalbiblioteket.

Den planmessige migreringa av data til nye generasjonar av lagringsteknologi har gått for seg gjennom heile året. Nye diskar tek mindre plass, bruker mindre straum, genererer mindre varme og har rimelegare vedlikehaldsutgifter. Totaløkonomien i dette reknestykket gjer det optimalt å byte ut diskar etter om lag fire år.

## **1.2 Nasjonal bibliotekpolitikk og bibliotekutvikling**

Gjennom 2013 har arbeidet på dette området stort sett vore å styrkje og vidareutvikle tiltak som alt er i gang. Nytt av året er den faglege skriftserien **Bibliotheca Nova**, som presenterer fagartiklar som er relevante for lokalt arbeid med bibliotekutvikling. I 2013 blei det gitt ut fire utgåver i skriftserien.

I juni 2013 vedtok Stortinget ei ny biblioteklov. Den tek til å gjelde frå 1. januar 2014. Det viktigaste momentet er ein ny formålsparagraf som tek opp i seg rolla til folkebiblioteka i skjeringspunktet mellom det å vere eit digitalt bibliotek og det å vere litteratur- og kulturhus, og som peiker på biblioteka si rolle som formidlingsarena. Elles er lova endra, slik at kravet om fagutdanna biblioteksjef i § 5 blir vidareført i ei ny form med høve til å gi permanente dispensasjonar.

Notatet *Utvikling av folkebiblioteksektoren*, som Nasjonalbiblioteket har utarbeidd på oppdrag frå Kulturdepartementet, blei sendt i desember. Det inneheld konkrete forslag til korleis staten kan bidra til å vidareutvikle folkebiblioteksektoren.

### **Prosjekt- og utviklingsmidlar**

Det blei i 2013 delt ut 21,5 millionar kroner i prosjekt- og utviklingsmidlar. Ved fristen 1. oktober 2012 hadde Nasjonalbiblioteket fått til saman 127 søknader med ein søknadssum på totalt 40,5 millionar kroner.

Innsatsområde:

- Mangfald og inkludering
- Den kulturelle nistepakka
- Leseløftet 2010–2014
- Nye formidlingsmetodar
- Biblioteket som møteplass
- Samarbeid og partnerskap
- Dei digitale tenestene til Nasjonalbiblioteket som grunnlag for nye tilbod

Utover dette er det mogleg å søkje om midlar til **frie forsøk** og **forprosjekt**.

Etter regjeringsskiftet la den nye regjeringa fram ein tilleggsproposisjon til statsbudsjettet som endra nokre av føresetnadene i utlysinga og auka prosjektutviklingspotten med 6 millionar kroner. Leselyst og Den kulturelle nistepakka blei fasa ut som satsingsområde, og inn kom større vekt på å utvikle folkebiblioteka som uavhengige møteplassar og arenaer for offentlege samtalar og debatt.

### **Bibliotheca Nova, ny fagleg skriftserie**

Skriftserien skal formidle faglege artiklar innanfor område som er viktige og relevante for bibliotekutvikling. Det kan både vere artiklar om aktuelle tema på bestilling frå fagfolk, og foredrag som blir haldne på konferansar. *Bibliotheca Nova* kom ut med fire utgåver i 2013:

- Kultur, inkludering og bibliotek
- Jenter og makt! Kari Skjønberg-dagene 2013
- Bibliotek og helse
- Digitalformidling

### **Dialogmøte**

Det rådgivande utvalet har hatt to møte i 2013 knytte til kriterium for utlysing av utviklingsmidlane og for rådgiving ved tildelinga av midlane.

I tillegg til møte med utvalet har Nasjonalbiblioteket hatt møte med storbybiblioteka, fylkesbiblioteksjefane og Norsk bibliotekforening for å diskutere faglege spørsmål og utviklingsbehov.

### **Brukarundersøking – bibliotekutvikling**

Som ein del av ei større brukarundersøking som blei gjennomført i 2013, blei også alle norske bibliotekleiarar bedde om å gi tilbakemeldingar om korleis Nasjonalbiblioteket utøver mandatet sitt, og om bruken av, og erfaringane med, dei ulike tenestene til Nasjonalbiblioteket. Tilbakemeldingane viste mellom anna at 75 prosent av biblioteka har hatt kontakt med Nasjonalbiblioteket for å få informasjon og rettleiing, og det er svært mange som er nøgde med denne kontakten. Når det gjeld utviklingsmidlar, var det òg mange som var nøgde med informasjonen og prosessen rundt søknadsbehandlinga.

Blant tenestene til Nasjonalbiblioteket er utlån av bøker og anna materiale, digitale søkjetenester og utforming og produksjon av plakatutstillingar som blir formidla gratis ut til alle biblioteka i landet. 99 prosent av biblioteka oppgir at dei har brukt tenester frå Nasjonalbiblioteket, og generelt er dei svært nøgde med desse tenestene.



## **Plakatutstillinger til folkebiblioteka**

Nasjonalbiblioteket har også i 2013 laga plakatutstillinger i tilknytning til hovudutstillingane sine og til markeringar av nasjonal interesse. Det blei produsert fem plakatutstillinger som bibliotek over heile landet fekk tilbod om kostnadsfritt.

Utstillingane bestod av fire til seks plakatar som blei trykte i opplag som varierte frå 100 til 370 eksemplar.

- Camilla Collett, sendt ut 288 utstillingar
- Leve språket!, sendt ut 170 utstillingar
- Norsk bibliotekforenings 100-årsjubileum, sendt ut 165 utstillingar
- Arne Skouen, sendt ut 60 utstillingar
- Edvard Munch, sendt ut 330 utstillingar

## **Biblioteksøk**

Arbeidet med Biblioteksøk er vidareført i 2013. Materiale frå om lag 140 folke- og fylkesbibliotek og om lag 150 fagbibliotek er no tilgjengeleg gjennom Biblioteksøk. Søket inkluderer dei fleste av dei store biblioteka, til dømes leverer 13 av 14 folkebibliotek i kommunar med over 50 000 innbyggjarar data.

Det har gjennom året vore arbeid med å utvide datagrunnlaget i tenesta og å lage ein robust infrastruktur for å samle inn og forvalte data. Det har spesielt vore fokus på å forbetre dedupliseringsalgoritmane. Dedupliseringa er svært viktig for kvaliteten på søkjeresultata. Ved slutten av året blei det hausta inn 18 millionar postar frå biblioteka. Desse blei reduserte til 10 millionar postar etter dedupliseringa.

I alt blei det generert om lag 7000 fjernlån via Biblioteksøk i 2013. Det er ei tredobling frå året før.

## **Depotbiblioteket**

Med ein auke på 75 000 monografiar i 2013 har boksamlinga i Depotbiblioteket no rundt 1 million bind. Av denne bokstammen blei det formidla 180 000 utlån i 2013, ein auke på 9,3 prosent samanlikna med 2012. Depotbiblioteket er den største enkeltleverandøren i fjernlånsnettverket, og utlånet har stige jamt med om lag 10 prosent kvart år dei siste ti åra. Avleveringa av eldre materiale frå andre bibliotek har vore og er framleis stabilt høgt.

Depotbiblioteket ekspederer alle fjernlånsbestillingar innan eitt døgn etter mottak, noko som er ein viktig faktor i arbeidet med å etablere effektive fjernlånstenester i biblioteksektoren. At denne effektiviteten blir verdsett, ser vi i brukarundersøkinga frå 2013, der 99 prosent av biblioteka svarte at dei var nøgde eller svært nøgde med tenestene frå Depotbiblioteket. Det blei i 2013 levert ei utgreiing frå eit samarbeidsutval mellom Nasjonalbiblioteket og bibliotekutvalet til Universitets- og høgskulerådet, som konkluderte med at i alt 22 000 hyllemeter utanlandske tidsskrift bør overførast frå fagbiblioteka til Depotbiblioteket. Det representerer ei materialmengd som svarer til rundt 50 prosent av kapasiteten i bygget i dag, og vil krevje ei kapasitetsutviding.

## **Digitale ressursider på nb.no**

Det blei produsert ressursider som biblioteka kunne bruke for å markere Stemmerettsjubileet, Camilla Collett, Språkåret og norsk bibliotekhistorie i samband med 100-årsjubileet til Norsk bibliotekforening. (Camilla Collett-konferansen blei streama og lagd ut på nett.)

### **Dagseminar om lyrikk**

Kulturrådet, Nasjonalbiblioteket, Den norske forfatterforening og Norsk forleggerforening samarbeider om å informere om innkjøpsordningane og inspirere mellom anna bibliotektilsette til å lage eigne arrangement og aktivitetar omkring formidling av lyrikk. Det blei gjennomført arrangement i Sør-Trøndelag 14. november og i Akershus 27. november.

### **Bibliotekleiarkonferansen**

Bibliotekleiarkonferansen 2012 blei halden på Holmenkollen Park hotell 30. og 31. oktober. Temaet for konferansen var formidling, forvaltning og forvandling, og konferansen samla 170 bibliotekleiarar.

## **1.3 Forskingsinfrastruktur**

Gjennom 2013 har Nasjonalbiblioteket delteke i fleire igangverande forskingsprosjekt. I løpet av året er det sett i gang eit nytt prosjekt med Nasjonalbiblioteket som bidragsytar. Det er eit samarbeid med Universitetet i Bergen og gjeld ei ny kritisk-vitskapleg utgåve av landslova til Magnus Lagabøte.

Det digitale innhaldet i samlinga blir stadig større og representerer ein ny ressurs i forskningssamanheng som så langt berre har blitt brukt i avgrensa grad. Ved å gi tilgang til omfattande tekst-, lyd-, og biletbaserte kjelder om den norske kultur- og samfunnshistoria gir Nasjonalbiblioteket norsk forskning eit internasjonalt fortrinn innanfor forskingsområdet som går under namnet «digital humanities». Å utnytte dette potensialet vil bli eit viktig satsingsområde i åra framover.

### **Språkbanken**

I 2013 har arbeidet med Språkbanken vore konsentrert om to område. Det eine er utviklinga av taledatabasar, dels gjennom tilrettelegging av ressursar som er overførte frå det avvikla selskapet Nordisk Språkteknologi Holding AS (NST), dels gjennom utvikling av ein ny akustisk-fonetisk taledatabase for norsk. Det andre satsingsområdet har vore det NFR-støtta forskingsprosjektet CLARINO. Målet er å utvikle ein felles infrastruktur for norske språkdatabasar, som igjen vil bli knytt opp mot utanlandske databasar. Det vil effektivisere forskinga og danne grunnlag for ny forskning ved at metadata frå ulike basar kan sjåast i samanheng på heilt nye måtar. Nasjonalbiblioteket si oppgåve i CLARINO er å utvikle ei langtidslagringsløyning for relevante data og ein felles metadatastruktur.

I tillegg til desse satsingane arrangerte Nasjonalbiblioteket i samarbeid med NFR og NHO ein todagars konferanse om kva språkteknologien har hatt å seie for offentlege tenester og næringslivet. Konferansen var eit av Nasjonalbiblioteket sine bidrag til markeringa av Språkåret 2013.

### **Deltaking i forskingsprosjekt**

Nasjonalbiblioteket har bidrege til forskingsprosjekt gjennom digital tilgjengeleggjering av kjeldemateriale og gjennom sjølvstendige forskingsbidrag.

Døme på digitaliseringsbidrag til forskingsprosjekt er eit forskingsprosjekt om jubileumsutstillinga i 1914, og *Norsk musikkarv*, der Nasjonalbiblioteket også i 2013 har digitalisert musikkmanuskript av mellom andre Ludvig Irgens-Jensen, Thomas Tellefsen og Eivind Groven.

I tillegg har Nasjonalbiblioteket bidrege med forskningstid frå eigen stab til fire prosjekt:

- *The Archive in Motion* (samarbeid med Universitetet i Oslo og Universitetet i Stockholm, med støtte frå NFR)
- *1814-grunnloven – historisk virkning og sosial forankring* (samarbeid med Universitetet i Oslo, med støtte frå NFR)
- Fartein Valen og Johan Svendsen innenfor Norsk musikkarv (begge i samarbeid med Universitetet i Oslo)
- Ny kritisk-vitenskapelig utgave av Magnus Lagabøtes landslov (samarbeid med Universitetet i Bergen)

### **Internasjonale forskingskonferansar**

I 2013 blei det arrangert åtte forskingskonferansar med internasjonal deltaking:

- *Camilla Collett* (23.01.)
- *Kjønn i biografi* (12.02.)
- *Språkteknologi* (7.–8.10.)
- *Flerspråklighet på arbeidsplassen* (15.10.)
- *ECM og Rainbow Studio* (18.10.)
- *Arne Skouen og filmloven 100 år* (17.–18.10.)
- *Politisk utvikling og integrasjon i Norden 1814–1914* (24.–25.10.)
- «Knowledge is the common property of mankind», del av Eurozine – 25th European Meeting of Cultural Journals (30.11.)

I tillegg til desse åtte blei det arrangert 41 andre konferansar retta mot forskarsamfunnet.

### **Nota bene**

To nye titlar er komne ut i den vitenskaplege skriftserien til Nasjonalbiblioteket *Nota bene*:

- *Den engasjerte kosmopolitt. Nye Bjørnson-studier*
- *Latin Manuscripts of Medieval Norway*

Den første tittelen blei kjøpt inn av Kulturrådets sakprosaordning.

Nasjonalbiblioteket starta i 2013 eit samarbeid med Det norske språk- og litteraturselskap om etablering og publisering av norske litterære verk som er falne i det fri. Utgåvene blir publiserte som e-bøker, og samarbeidet har så langt resultert i 46 utgivingar – to av desse er vitenskaplege utgåver:

- Camilla Collett, *Amtmandens Døtre*, utg. Kristin Ørjasæter
- *Tre skiturfortellinger fra 1884*, utg. Audun Renolen Aasbø
- Peter Dass, *Katekismesanger*, utg. Jon Haarberg

I samband med hovudutstillinga «Propaganda! Russiske og norske plakater 1920–1939» blei katalogen *Propaganda! Russiske og norske plakater 1920–1939* produsert. Katalogen blei gitt ut på Press forlag.

Det er gitt ut to utgåver av NB21:

- 1-2013 *Morgendagens bibliotek*
- 2-2013 *Underveis, utvikling i bibliotekene*

Fagpersonar frå Nasjonalbiblioteket har i tillegg bidrege med eit trettitals artiklar i norske og utanlandske publikasjonar. Ti av artiklane er publiserte i fagfelleverderte antologiar eller tidsskrift.

### **Bibliografisk utviklingsarbeid**

Omsetjinga av WebDewey har halde fram gjennom 2013. Estimert ferdigstilling av omsetjinga er ultimo 2014. Det blir no vurdert ein eventuell norsk overgang til nye katalogiseringsreglar (RDA).

Arbeidet med å flytte metadatabasar frå andre basar inn i BIBSYS har halde fram i 2013. Den viktigaste aktiviteten på dette feltet har vore konverteringa av data frå den gamle nasjonalbibliografien for bøker (NORBOK) over til Bibsys. Dette arbeidet vil gå for seg ut 2014.

### **Spesialbibliografiar**

Nasjonalbiblioteket har i 2013 utvikla spesialbibliografiar for

- Camilla Colletts forfattarskap
- Resepsjonen av Søren Kierkegaard i Noreg
- Litteratur frå og om 1812–1814
- Filmografi for norsk kinofilm

### **Beacon for Freedom of Expression**

I 2013 har det vore ein markant aktivitetsauke i tilknytning til basen. Det er identifisert om lag 500 nye postar (litteratur om sensur og hendingar som førte til sensur av ulike medium), 100 fleire enn i fjor. Det har vore rundt 30 prosent fleire besøk (82 000) og sidevisingar (396 000) på nettsida [www.beaconforfreedom.org](http://www.beaconforfreedom.org).

Basen blei presentert på fleire internasjonale fagarenaer, til dømes konferansen til International Federation of Library Associations and Institutions (IFLA). Beacon deltok òg på forumet til International Librarians Network med tre blogginnlegg om sensur og ytringsfridom. Innlegga blei brukte som utgangspunkt for debatt og samtalar for dei over 390 internasjonale nettverksdeltakarane i 40 land.

## **1.4 Samlingsutvikling**

### **Pliktavlevering**

Dei fleste materialtypene viser små variasjonar i avlevering i 2013 samanlikna med tidlegare år. Den viktigaste endringa gjeld e-bøker. Her er det ein auke frå 313 einingar i 2012 til 2048 einingar i 2013. Auken kjem både av at det blir gitt ut fleire e-bøker i Noreg, og at NB no har fått på plass ei effektiv avleveringsordning for e-bøker basert på eit samarbeid med Den norske bokdatabasen AS. Når det gjeld avlevering av fysiske periodika, har det i nokre år vore ein svak nedgang. Denne nedgangen ser no ut til å ha stoppa, og både når det gjeld nye periodika i 2013 og periodikahefte som blei avleverte dette året, er talet svært stabilt samanlikna med åra før.

## **Innhausting av .no-domena**

Den gjeldande konsesjonen frå Datatilsynet hindrar generell innhausting av .no-domenet. Nasjonalbiblioteket har i dag berre høve til å laste ned frå utvalde nettstader etter å ha informert dei som eig nettstadene, om nedlastinga. I heile 2013 blei det lasta ned utvalde nettsider, mellom anna ved at framsidene til norske nettaviser og andre utvalde nettstader blir hausta inn éin gong i timen. I tillegg blir desse nettstadene hausta tre nivå ned kvar sjette time. Ved årsskiftet blei 770 norske domene hausta inn på denne måten. Stortingsvalet blei følgt spesielt. Totalt er det hausta inn om lag 1 milliard filer i år.

Per 31.12. blir 770 nettstader hausta kvar time. Oversikt fordelt på kategori:

<b>Nettsider</b>	<b>Tal</b>
Nettaviser	211
Politiske parti	17
Offentleg myndigheit (stat, fylkeskommune, kommune)	478
Private organisasjonar	25
Kunst og kultur	16
Kringkasting	3
Bloggar	20
<b>TOTALT</b>	<b>770</b>

## **Aviser**

Ved utgangen av 2013 blei i alt elleve aviser avleverte som høgkvalitets PDF: Aftenposten, Adresseavisen, Stavanger Aftenblad, Trønder-Avisa, Rana Blad, Helgeland Arbeiderblad, Dag og Tid, Jærbladet, Dagbladet, Dagens Næringsliv og Avisa Nordland. Det blei i alt teke imot 4818 avishefte på til saman om lag 310 000 sider, ein auke på ca. 65 prosent frå 2012.

Det er inngått avtalar med ytterlegare ni aviser, og ein jobbar for å setje i drift digital avlevering for desse òg: Asker og Bærum Budstikke, Bergens Tidende, Fædrelandsvennen, Hamar Arbeiderblad, Inderøyningen, Moss Avis, Steinkjeravisa, Tønsberg Blad og Verran Namdalseid.

## **Nyanskaffingar/tilskot/tilvekst**

Som i tidlegare år har Nasjonalbiblioteket styrkt samlinga med viktige nyanskaffingar. Det gjeld primært utanlandske publikasjonar om norske forhold og unikt materiale som har komme til i form av gåver og gjennom strategiske innkjøp. Det er gjort greie for dei mest sentrale i vedlegg 2.

## **1.4 Publikumstilbod i Henrik Ibsens gate**

### **Lesesalar og forskarplassar**

Trass i meir innhald og auka bruk av den digitale samlinga har bruken av den fysiske samlinga til Nasjonalbiblioteket og besøkstala i Henrik Ibsens gate 110 vore stabile i 2013.

Besøkstalet har vore stabilt (188 000), og hovudlesesalen hadde 105 000 brukarar, ein auke på 9 prosent. Talet på forskarplassar gjekk opp frå 18 til 32. Alle plassane har vore i bruk, og det er venteliste for å få plass.

### **Jubileum**

Det har i år vore markering av tre jubileum: Språkåret, Stemmerettsjubileet og Camilla Collett. Til jubilea blei det gjort ekstraordinære digitaliseringstiltak og utarbeidd ressursider der det digitale innhaldet blei gjort tilgjengeleg. Det blei òg laga utstillingar i Nasjonalbiblioteket og plakatutstillingar som biblioteka fekk tilbod om. Språkåret blei markert mellom anna i samarbeid med Norsk språkråd og Språkåret 2013 (Ved Nynorsk kultursentrum).

### **Utstillingar og arrangement**

I 2013 var det tre hovudutstillingar, fem mindre utstillingar og 133 arrangement (utstillingsopningar og omvisingar, foredrag, konsertar, framsyningar og konferansar).

### **Hovudutstillingar**

Det var i 2013 tre hovudutstillingar med til saman 6670 gjester. Rundt halvparten av besøka var til utstillinga «Propaganda!». Besøkstala representerer ein kraftig nedgang frå 2012, då det var 11 900 gjester til utstillingane. Denne nedgangen skriv seg i første rekkje frå to forhold: I 2012 var det éi utstilling meir enn i 2013, og den best besøkte utstillinga det året var «Dyr, folk og røvere. På Egners arbeidsbord», som åleine hadde over 4300 gjester. Reduksjonen i talet på utstillingar har vore gjort for å kunne prioritere ressursar til formidlingstiltak som har eit større publikumsmessig nedslagsfelt.

### **Propaganda! Russiske og norske plakater 1920–1939** (28. februar–25. mai)

Utstillinga viste det beste av russisk plakatkunst frå mellomkrigstida og var eit samarbeidsprosjekt med det russiske nasjonalbiblioteket i St. Petersburg. Fleire av plakatane har aldri blitt viste i Noreg tidlegare. Med i utstillinga var òg plakatar frå den norske arbeidarrørsla. Etter at ho blei vist i Nasjonalbiblioteket, blei utstillinga vist på Hå gamle prestegard 8. juni–25. august.

### **Å bli en stemme. Camilla Collett 1813–1895** (11. juni–7. september)

På 100-årsdagen for innføringa av alminneleg stemmerett i Noreg opna utstillinga «Å bli en stemme. Camilla Collett 1813–1895». Utstillinga tok utgangspunkt i alle byane som har påverka Collett til å bli den tydelege stemma ho blei. I tillegg til private brev og dagbøker kunne ein mellom anna sjå det handskrivne tidsskriftet *Forloren Skildpadde*, som Camilla Wergeland gav ut saman med Emilie Diriks i 1837.

### **Leve språket!** (26. september–31. desember)

På den europeiske språkdagen, 26. september, opna utstillinga «Leve språket!» i Nasjonalbiblioteket. Utstillinga utforska det språklege mangfaldet i Noreg i Språkåret 2013. Vinnarbidraga frå Nasjonalbibliotekets skulekonkurranse «Språk i ditt liv» blei presenterte på opninga.

### **Nasjonalbibliotekets skulekonkurranse *Språk i ditt liv***

Som eit ledd i markeringa av språkåret utlyste Nasjonalbiblioteket, i samarbeid med Språkrådet og dei nasjonale sentra for fleirkulturell opplæring, framandspråk, matematikk, nynorsk og samisk, ein nasjonal skulekonkurranse om språk. Vinnarbidraga var ein del av utstillinga «Leve språket!». Elevar på 5.–10. trinn og elevar i den vidaregåande skulen deltok.

Nasjonalbiblioteket fekk inn 80 bidrag. Ein breitt samansett ekstern jury kåra ni vinnarbidrag frå skular i alle landsdelar (sjå vedlegg 6).

Nasjonalbiblioteket utvikla i tillegg fleire arbeidsoppgåver som kan brukast i undervisninga. Oppgåvene passar særleg godt til norskundervisninga, men kan òg knytast opp mot kompetansemål i andre fag. Oppgåvene krev mellom anna aktiv bruk av bøker frå det digitale biblioteket til Nasjonalbiblioteket.

### **Mindre utstillingar i Henrik Ibsensgate 110**

I tillegg til hovudutstillingane blei det gjennom året arrangert fleire mindre utstillingar med tilhøyrande arrangement:

- Edvard Munch, i samarbeid med Munch-året
- Kirsten Flagstad, i samarbeid med Kirsten Flagstad museet
- Søren Kierkegaard. Arrangementet var ein del av jubileumsprogrammet «For Søren! – Kierkegaard 1813–2013», som blei arrangert 12.–14. april av Fondet for dansk-norsk samarbeid og Det Norske Søren Kierkegaard Selskap i samarbeid med ei rekkje kulturinstitusjonar i Oslo.
- Arne Skouen, i samarbeid med Norsk filminstitutt
- Arne Walentin
- Teikneserieutstilling med norske teikneseriar

### **Plakatutstillingar til bruk i norske bibliotek**

Det blei produsert fem plakatutstillingar til bruk i norske bibliotek i 2013, mot fire i 2012. Sjå nærmare omtale i kapittel 1.2.

## 2. MÅLOMRÅDE MED INDIKATORAR OG AKTIVITETSBEKRIVINGAR

### 2.1 Nasjonalbiblioteket skal byggje opp, supplere og halde ved like samlinga og gjere henne tilgjengeleg for bruk.

Dette skal gjennomførast ved å samle inn, registrere og klargjere, supplere, bevare og sikre innhaldet i samlinga. Utviklinga på dette området er framstilt gjennom tre kvantitative indikatorar og to kvalitative områdebeskrivingar:

Indikatorar	Frekvens	Måltal 2013	Resultat 2013: Akkumulert
Avlevert materiale som er registrert, bevart og tilgjengeleg for brukarane innan seks veker	Md.	95 %	100 %
Trykte monografiar ferdig katalogiserte til nasjonalbibliografien innan fire veker	Md.	100 %	87 % *
Innhald i DSM som er gjort tilgjengeleg på nett eller i Nasjonalbiblioteket sine lokale fire veker etter digitaliseringa	Md.	80 %	100 % **

\* Måлтаlet er sett noko høgt sidan det viser seg at nokre enkelttitlar bruker lengre tid på grunn av forhold som må undersøkjast nærmare i katalogiseringsprosessen. På grunn av sjukefråvær tidleg i 2013 blei det generert eit etterslep i katalogiseringa i ein periode. Tala for andre halvår 2013 viser eit resultat på 95 prosent.

\*\* I 2013 er det teke inn etterslep frå 2012. Derfor er det gjort tilgjengeleg meir materiale i løpet av året enn digitaliseringa og den digitale avleveringa tilseier. Det er framleis etterslep på fotografi, men det er planar om tiltak knytte til katalogisering av foto i 2014 for å få ein større del av den digitale fotosamlinga inn i tenesta. Det skal òg gjennomførast tiltak for å få ein større del av digitalisert musikk og film inn i tenesta. Av musikk og film ligg berre det som kan gjerast ope tilgjengeleg, inne i tenesta i dag.

#### Utviklinga av samlinga med omsyn til unikt materiale

Det har vore gjort fleire suppleringskjøp til samlinga. Det er gjort greie for dei mest sentrale i vedlegg 2.

#### Avvik frå internasjonale standardar for langtidsbevaring

Nasjonalbiblioteket oppbevarer sikringseksemplara til samlinga i samsvar med gjeldande internasjonale standardar for dei ulike medietypene. Den einaste delen av samlinga som representerer eit unntak frå dette, er filmmagasinet på Jar. Avviket på Jar kjem i hovudsak av utfordringar med eit utrangert klimaanlegg. Byggjeprojektet «Nytt sikringsmagasin» i fjellet i Rana med ferdigstilling i 2017 kjem til å løyse dette problemet.

Nasjonalbiblioteket emballerer samlingar for bevaring i samsvar med gjeldande internasjonale standardar.

### 2.2 Nasjonalbiblioteket skal arbeide for auka bruk av samlinga gjennom aktive formidlingstiltak.

Dette skal ein oppnå ved å produsere bibliografiar, gi ut eigne publikasjonar, formidle digitalt innhald gjennom nb.no, formidle digitalt innhald via andre sine kanalar, bidra til forskning,



inngå avtalar med rettshavarar og forvalte og formidle norske språkressursar via Språkbanken. Utviklinga på dette området er framstilt gjennom sju kvalitative og kvantitative områdebeskrivingar.

### **Publiseringar**

Nasjonalbiblioteket utgir *NB21*, *Bibliotheca Nova* og den vitskaplege skriftserien *Nota bene*. *NB21* kom i to utgåver i 2013, *Nota bene* kom i to utgåver, mens *Bibliotheca Nova* kom i fire utgåver.

I tilknytning til utstillinga *Propaganda! Russiske og norske plakater 1920–1939* publiserte Nasjonalbiblioteket ein katalog i bokform.

Nasjonalbiblioteket har òg gitt ut ein DVD med filmene *Med Roald Amundsens nordpolskspedition til første vinterkvarter* (1923) og *Med Maud over Polhavet* (1926) saman med eit omfangsrikt teksthefte. Med denne utgivinga er alle fem filmene frå ekspedisjonane til Roald Amundsen gjorde tilgjengelege både for eit nasjonalt og eit internasjonalt publikum.

### **Tilvisingar til innhald i nb.no frå refererande domene**

Det manglar detaljert statistikk for dette etter omlegginga av nettsidene hausten 2012. Men det blei sett i drift eit opplegg i 2013 som gjer at metadata og tekst frå dokument som har falle i det fri, blir gjorde søkbare i Google og andre søkjemotorar. Lenkinga direkte inn i bokhylla frå andre biblioteksystem og Wikipedia aukar.

### **Talet på utstillingar i og utanfor eigne lokale med besøkstal**

Det har vore tre hovudutstillingar med til saman 6665 gjester i Henrik Ibsens gate 110, fordelt slik:

- Propaganda!: 3591
- Camilla Collett: 1053
- Leve språket!: 2021

I tillegg til hovudutstillingane har det vore produsert fem mindre utstillingar som har vore viste i Nasjonalbiblioteket (jf. side 13). Besøkstal for desse utstillingane er det ikkje mogleg å registrere.

### **Digitale utstillingar/ressurssider med besøkstal**

Det er laga seks digitale utstillingar/ressurssider i 2013. Til desse er det registrert rundt 55 400 gjester, som er fordelte slik:

- |                        |        |
|------------------------|--------|
| • Leve språket!        | 9 800  |
| • Stemmerettsjubileet  | 1 500  |
| • Bibliotekhistorie    | 1 600  |
| • Propaganda!          | 23 000 |
| • Å bli en stemme      | 12 000 |
| • All verdens kunnskap | 7 500  |

### **Treff og nedlastingar via nb.no**

Ved inngangen til 2013 blei det sett eit måltal på 300 000 000 treff og nedlastingar på nb.no i 2013, ein auke på 40 prosent frå 2012. Resultatet for 2013 blei 487 311 207 treff og nedlastingar – meir enn ei dobling frå 2012. Det er ein kraftig auke som indikerer at Nasjonalbiblioteket for brukarane i all hovudsak er eit digitalt bibliotek.

### **Deltaking i forskingsprogram**

Nasjonalbiblioteket har bidrege med forskning til følgjande forskingsprogram:

- Archive in Motion
- Johan Svendsens verker
- 1814-grunnloven – historisk virkning og sosial forankring
- Ny kritisk-vitenskapelig utgave av Landsloven

### **Bruken av språkressursar i Språkbanken**

Språkbanken har hatt 4400 individuelle brukarar som har lasta ned språkdata på til saman 9000 GB. Det siste er ein auke på 45 prosent samanlikna med fjoråret. Auken er eit resultat av at nye ressursar er gjorde tilgjengelege i Språkbanken dette året, men han indikerer òg at dei språkteknologiske forskings- og utviklingsmiljøa i større grad er merksame på tilbodet og opplever det som relevant.

## **2.3 Nasjonalbiblioteket skal vere ein møteplass for kunnskap og oppleving.**

Dette skal ein oppnå ved å stille lesesalsplassar til disposisjon for forskning og dokumentasjon, formidle samlinga, gi tilgang til alt tilgjengeleg digitalt materiale i eigne lokale, arrangere utstillingar og arrangement, vareta det nasjonale ansvaret ved forfattarjubileum og overvake kor nøgde brukarane er. Utviklinga på dette området er framstilt gjennom kvalitative og kvantitative områdebeskrivingar. Tala viser ein stabil situasjon trass i at stadig større delar av samlinga blir gjorde tilgjengelege på nettet.

### **Prosentvis belegg av lesesalsplassar og forskarplassar**

For 2013 var utnyttingsgraden på 70 prosent. Det er ein auke på 10 prosentpoeng samanlikna med fjoråret. Utnyttingsgraden for forskarplassar var som vanleg 100 prosent, men i 2013 auka talet på tilgjengelege plassar frå 18 til 32.

### **Besøk i Henrik Ibsens gate 110**

Det var 187 000 gjester i Henrik Ibsens gate 110 i 2013. Talet er stabilt samanlikna med fjoråret.

## 2.4 Med grunnlag i utvikling av egne tenester og gjennom tildeling av utviklingsmidlar skal Nasjonalbiblioteket bidra til å utvikle biblioteka og ein nasjonal bibliotekpolitikk.

Dette skal ein gjennomføre ved å vere depotbibliotek for norske bibliotek, utvikle og drifte digitale tenester basert på innhaldet i NB for norske bibliotek, utvikle fellesprosjekt/tenester i samarbeid med andre, initiere utviklingsprogram og tildele utviklingsmidlar innanfor prioriterte område, i tillegg til å utvikle fellesarenaer med biblioteka for dialog og kompetanseutvikling. Utviklinga på dette området er framstilt gjennom to kvantitative indikatorar og tre kvalitative og kvantitative områdebeskrivingar:

Indikatorar	Frekvens	Måltal 2013	Resultat 2013: Akkumulert
Del av fjernlånsbestillingar som er send frå depot innan éin arbeidsdag etter at bestillarbiblioteket har registrert dei	Md.	100 %	97,3 %
Del av Nasjonalbiblioteket sine utstillingar som skal vere tilrettelagd for bruk i lokale bibliotek	Årleg	50 %	100 %

### Biblioteksøk

Tenesta inneheld katalogdata frå norske bibliotek og dekkjer det biblioteka har: bøker, men òg notar, video- og lydopptak osv. Biblioteksøk omfattar i utgangspunktet katalogdata frå dei biblioteka som tidlegare var representerte i Samkatalogen for bøker. Alle bibliotek som bruker biblioteksystemet BIBSYS, det vil seie dei fleste største folke- og fylkesbiblioteka, er med. Nye bibliotek blir lagde til fortløpande.

### Digitale aviser i lokale bibliotek

Alle norske bibliotek kan bruke den digitale avistenesta til Nasjonalbiblioteket, og meir enn 370 bibliotek hadde ved årsskiftet takka ja til dette tilbodet. Tenesta tilbyr gratis tilgang til alle aviser som Nasjonalbiblioteket har inngått avtale med. Ved årsskiftet var over halvparten av avissidene i Nasjonalbibliotekets digitale bibliotek tilgjengeleg i norske bibliotek (det vil seie om lag 7,7 millionar sider). Tenesta blir stadig utvida.

### Møte i dialogforum på bibliotekutviklingsområdet

Nasjonalbiblioteket har etablert dialogforum med fylkesbiblioteka, storbybiblioteka (Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Bærum, Kristiansand og Tromsø), Universitets- og høgskolerådets bibliotekutval, rådgivande utval for prosjekt- og utviklingsmidlar og Norsk bibliotekforening. Det har vore til saman åtte møte i desse foruma i 2013.

### 3 ØKONOMI

I 2013 har hovudsatsingane vore retta mot å utvikle det digitale biblioteket, inkludert Bokhylla.no, og å utvikle Språkbanken.

Den samla verksemda er tilpassa tildelte løyvingar, og den rekneskapsmessige statusen er følgd opp kontinuerleg med rapportering frå avdelingane og oversikter over interne budsjettdisposisjonar.

Som følgje av meirinntekter og enkelte utsette driftsrelaterte oppgåver hadde Nasjonalbiblioteket eit driftsmessig mindre forbruk på 9,3 millionar kroner. Desse pengane har ein søkt om å få overføre til driftsåret 2014. Fordi enkelte byggjeprojekt som var sette i gang i 2013, har fått utsett leveransar til 2014, og på grunn av forseinka ombygging som konsekvens av utsett leveranse frå byggherren, er det søkt om å overføre 11,7 millionar kroner frå 2013.

Tabellen nedanfor viser løyvingar og rekneskap for 2013. Tabellen viser òg tilsvarande tal for 2012. I tillegg til denne oversikta viser vi til Nasjonalbibliotekets forklaringar til statsrekneskapen (sjå vedlegg 7).

	Post 01				Post 45			Post 77		
	Årstall	Budsjett	Regnskap	Avvik	Budsjett	Regnskap	Avvik	Ramme	Regnskap	Avvik
Utgifter	2012	436 054	430 945	5 109	31 966	21 873	10 093	12 527	18 153	-5 626
	2013	438 682	441 530	-2 848	34 803	20 105	14 698	16 902	17 025	-123
Inntekter	2012	9 462	9 849	-387						
	2013	8 328	11 711	-3 383						

#### Inkluderande arbeidsliv

Nasjonalbiblioteket har vore IA-bedrift sidan 2003. Hovudfokuset i dette arbeidet har vore ulike tiltak for å redusere sjukefråværet. Dette arbeidet vil bli intensivert i driftsåret 2014.

#### Sjukefråvær

Tabellen nedanfor viser sjukefråvær i dei ulike kvartala for åra 2010–2013.

Kvartal	2010	2011	2012	2013
1. kv. (%)	6,9	7,6	7,3	7,9
2. kv. (%)	6,4	5,8	6,1	5,7
3. kv. (%)	6,3	7,1	6,2	7,5
4. kv. (%)	6,6	6,8	7,9	7,5
	6,5	6,8	6,9	7,2

Sjukefråværet i Nasjonalbiblioteket er høgare enn ønskjeleg, og det blir jobba aktivt med tiltak for å redusere fråværet. Målsetjinga for 2013 var eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 6,2 prosent. Resultatet blei 7,2 prosent. Langtidssjukefråværet representerer over to tredjedelar av det totale fråværet, og det har det siste året vore meir legemeldt fråvær.

Nasjonalbiblioteket er opptekne av å få redusert sjukefråværet og har gjennomført tiltak på ulike nivå:

- Måltal for sjukefråvær som blir bestemt per avdeling for at avdelingane skal få meir eigarskap til problemstillinga
- Månadleg rapportering og oppfølging av sjukmeldingar
- Oppfølging og støtte til dei leiarane som har høgt fråvær i eininga si
- Innført trening i arbeidstida eller delvis dekning av treningsavgift pluss prøveordning med «energipausar» for å motverke skadelege effektar av stillesitjande arbeid

Nasjonalbiblioteket held fram arbeidet med førebyggjande tiltak og oppfølging for å få ned sjukefråværet.

## Likestilling

Tabellen nedanfor viser fordelinga mellom menn og kvinner i ulike kategoriar stillingar:

Kategoriar	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling alle tilsette (%)	53	47	52	48	53	47
Kjønnsfordeling heiltidsstillingar (%)	48	52	52	48	48	52
Kjønnsfordeling deltidstilsette (%)	84	16	0	0	84	16
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr *)	440	444	581	731	425	422

Tabellen viser at det er overvekt av kvinner totalt i Nasjonalbiblioteket og stor overvekt av kvinnelege leiarar. Det er noko høgare gjennomsnittslønn hos menn enn hos kvinner totalt. Det kjem av at det er ei overvekt av menn innanfor fagfelte IKT og teknikk, som tradisjonelt er høgare lønna enn bibliotekfaglege stillingar, som har ei hovudvekt av kvinner. Ei anna forklaring er at det er mange fleire kvinner enn menn i deltidstillingar.

Ei forklaring på lønnsforskjellen mellom mannlege og kvinnelege leiarar kan vere at dei mannlege seksjonsleiarane jobbar innanfor teknologiområde, som har eit høgare lønnsnivå i marknaden. Kjønnsfordelinga i toppleiargruppa er ved utgangen av året to kvinner og sju menn, mens fordelinga av seksjonsleiarar er sju menn og tretten kvinner.

### Tiltak som fremjar likestilling og motverkar diskriminering

Det har ikkje blitt sett i verk spesielle rekrutteringstiltak for å endre kjønnsfordelinga mellom kvinner og menn. Når det gjeld rekruttering for å motverke diskriminering, er det innført rutinar i samsvar med sentrale føringar. Det blir kalla inn minst éin søkjar med innvandrarbakgrunn dersom søkjaren er kvalifisert.

Nasjonalbiblioteket har retningslinjer mot mobbing og trakassering og rutine for å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Det har i 2013 ikkje vore registrert personalkonfliktar som har kravd spesiell oppfølging.

## **Tilsette**

Ved utgangen av 2013 har Nasjonalbiblioteket 401 fast tilsette. Det er åtte fleire enn i 2012. Av dei 401 fast tilsette er 218 kvinner og 183 menn, og det er 344 fulltidsstillingar og 57 deltidstillingar. Ved utgangen av året er det 58 mellombels tilsette og vikarar. Innleigde på timebasis, lærlingar og personar på pensjonistvilkår kjem i tillegg.

## **Lærlingar**

Nasjonalbiblioteket har i 2013 hatt tre lærlingar innanfor fotofaget.

## **Organisatoriske forhold og bygg**

### **Organisasjonsendringar i 2013**

Det blei gjennomført ei organisasjonsjustering i 2013. Avdeling for fagutvikling og forskning og avdeling for formidling blei slått saman til éi avdeling: avdeling for forskning og formidling. I tillegg blei avdeling for IKT og digitalisering styrkt med filmarkiv- og restaureringsområdet og døypt om til avdeling for digital bibliotekutvikling. Bakgrunnen for endringane er dels knytt til ei erkjenning av at Nasjonalbiblioteket for dei fleste brukarar er eit digitalt bibliotek, dels til at det er eit behov for å styrkje den samla formidlinga til både forskarsamfunnet og eit allment publikum i Henrik Ibsens gate 110. Tilrådingane blei utarbeidde av ei partssamansett arbeidsgruppe etter eit mandat frå nasjonalbibliotekaren.

### **Risikostyring**

Nasjonalbiblioteket vurderer kontinuerleg verksemda si med tanke på risiko. I 2013 er satsingsområda i handlingsplanen vurderte med tanke på risiko, og dei andre arbeidsområda er oppdaterte i samsvar med endringar i risikobiletet. Risikovurderinga er send over til Riksrevisjonen. Det er i tillegg gjennomført ei ny risikovurdering av alle magasina i Nasjonalbiblioteket.

### **Kompetanseutvikling**

Nasjonalbiblioteket har framleis arbeidet med å redusere sårbarheit i samband med kritisk kompetanse og med kompetanseoverføring i samband med generasjonsskiftet i nokre av dei Oslo-baserte samlingane.

### **Arbeidsmiljø**

Nasjonalbiblioteket jobbar systematisk for eit godt arbeidsmiljø. Det er gjennomført vernerundar i samsvar med regelverket, og det er sett i gang ei prøveordning med teambasert organisering av verneombodstenesta. Det er ikkje rapportert inn alvorlege skadar eller hendingar gjennom internkontrollsystemet.

### **Eksternt miljø**

Nasjonalbiblioteket set fokus på miljøarbeid og arbeider kontinuerleg med aktuelle miljøforbetringar i verksemda. Nasjonalbiblioteket har i 2013 inngått ein ny avtale om å kjøpe fornybar energi og har klare miljøkrav i samband med alle innkjøpsprosessane sine. I planlegginga av nye byggjeprojekt har Nasjonalbiblioteket fokus på miljøvennlige løysingar og høve til å utnytte overskotsenergi frå nytt sikringsmagasin i fjell. Det er òg bestemt at sertifisering som miljøfyrtårn skal inn som eit handlingsplanpunkt for 2014.

### **Oppfølging av anskaffingsregelverket**

Kjøp av varer og tenester blir gjennomført i samsvar med internt innkjøpsreglement. Det sikrer einsarta saksbehandling for kjøpa til Nasjonalbiblioteket. Reglementet bidreg til at Nasjonalbiblioteket oppnår gode avtalar om pris og kvalitet, og til at det blir teke omsyn til miljøet. Arbeidet er organisert slik at innkjøpsansvaret følgjer budsjett disponeringsmyndigheita, altså slik at det er delegert til den enkelte leiaren. Ein sentral funksjon med innkjøpsrådgivarar sørgjer for høg kvalitet på anskaffingane gjennom oppfølging av dei enkelte anskaffingsprosessane, koordinering i heile organisasjonen, utarbeiding av malar/innkjøpsrettleggingar og rådgiving overfor den enkelte leiaren. Som eit ledd i kvalitetssikringa og kvalitetsovervakninga av innkjøp blei elektronisk innkjøpssystem implementert i verksemda ved utgangen av året.

I 2013 er det gjort fleire store anskaffingar og utarbeidd rammeavtalar for mellom anna vakthald, straum og utlysingsannonsar.

### **Bygg**

I 2013 har Nasjonalbiblioteket gjennomført nokre mindre tilpassingar av lokala i Henrik Ibsens gate 110 etter at MIC og NBI flytta ut. Nye tilrettelagde lokale for digitalisering og 14 nye forskarleseplassar er komne på plass.

Det er dessutan gjort mindre tilpassingar av areala både i Oslo og Rana for å optimalisere logistikkøypa og arealutnyttinga.

### **Nytt sikringsmagasin i fjell**

Forprosjekt er starta i samarbeid med Statsbygg. Venta ferdigstilling av forprosjektet er sett til 2014.

Det er sett fokus på å få eit magasin med stor lagringstettleik, høg tryggleiksgrad og gode klimatiske forhold.

### **Nytt automatlager for Depotbiblioteket**

Automatlageret varetok funksjonane som er knytte til oppbevaring og fjernutlån av bøker som andre bibliotek ikkje har plass til, slik at ressursbruken i det norske biblioteksystemet blir vareteken.

Byggjearten var i september 2013. Venta ferdigstilling er våren 2015.

## 4 NASJONALBIBLIOTEKET I MEDIA I 2013

### **Breidda i verksemda til Nasjonalbiblioteket**

Det overordna målet for den eksterne informasjonen og kommunikasjonen til Nasjonalbiblioteket er å synleggjere samfunnsoppdraget, tilbodet og tenestene til institusjonen. Kommunikasjonsarbeidet er i 2013 gjort med utgangspunkt i dette. Mediedekninga av Nasjonalbiblioteket speglar breidda i verksemda og samlinga. Nasjonalbiblioteket har fått mange og store oppslag rundt konferansar, seminar og utstillingar, bok- og filmutgivingar, filmrestaureringsarbeidet, musikkarkivet og utviklingsstøtta til biblioteka.

### **Debatt**

Ved årsskiftet 2012/2013 gjekk det for seg ein debatt i norske media om kva kriterium som ligg til grunn når forfattarar skal markerast. Det var Fredrik Wanderup i Dagbladet som stilte spørsmåla på den siste dagen i 2012.

Saka blei òg publisert på db.no 1. januar 2013. Etter oppslaget i Dagbladet var det ein debatt på Dagsnytt 18 der assisterande nasjonalbibliotekar Roger Jøsevold deltok. 4. januar skreiv Jøsevold eit tilsvar i Dagbladet, og Wanderup avslutta med ein kommentar («Når diktere blir feiret») i Dagbladet 14. januar.

### **Omtalar av bibliotekprosjekt som Nasjonalbiblioteket støttar**

Det er i første rekkje lokalpressa som omtalar prosjekt i biblioteka. Sakene tek for seg både det at det lokale biblioteket har fått støtte, og omtale av resultatet av støtta.

I 2013 blei det registrert 74 slike saker på papir og 28 på nett. (Men søket kan gi feilmargar).

### **Omtalar av jubileum, utstillingar og arrangement**

Konferansen og utstillinga om Camilla Collett, «Å bli en stemme», genererte store oppslag i papiraviser som VG, Aftenposten, Morgenbladet, Dagsavisen og Dagens Næringsliv. NRK hadde heile sju innslag på radio rundt konferansen, mellom anna på Dagsnytt 18, og dekte utstillingsopninga både på Dagsrevyen og i Kulturnytt i P2. Vi hadde dessutan eit samarbeid med NRK, som fekk tilgang til opptaka våre frå konferansen og lenka opp til dei frå nettsidene sine.

Utstillinga «Propaganda!», med russiske plakatar frå mellomkrigstida, fekk òg mykje merksemd, med dobbeltsider i VG, Klassekampen og Vårt Land og fem sider i Dagsavisen. NRK dekte saka med eit 20 minutt langt innslag i Kulturhuset i P2 og TV-innslag på Morgennytt.

Konkurransen «Språk i ditt liv», som Nasjonalbiblioteket arrangerte i samband med Språkåret 2013, fekk god dekning i lokalpressa, og NRK Supernytt laga eit innslag frå premieoverrekkinga til vinnaren frå grunnskulen. Aftenposten var til stades ved opninga av språkutstillinga og intervju referansegruppa.

Nokre av dei mindre utstillingane i Nasjonalbiblioteket har òg fått pressedekning. Kirsten Flagstad-utstillinga fekk mange oppslag, og teikneserieutstillinga i desember gav oss ei dobbeltside i VG og ei stor sak med biletkarusell på VG+.

Ved utgangen av året fekk vi store og mange presseoppslag om Nasjonalbiblioteket sine planar for Prøysen-jubileet i 2014.



## Musikk

Seminaret rundt overtakinga av ECM-materialet gav oss store oppslag i Aftenposten, Klassekampen, Dagsavisen, Morgenbladet og Dagbladet. Musikk er òg synleggjort gjennom ein reportasje som Nasjonalbiblioteket gav eksklusivt til VG om at Nasjonalbiblioteket har overteke arkivet etter Joachim Nielsen.

## Nasjonalbiblioteket som nasjonalt filmarkiv

Restaureringa av spelefilmane til Arne Skouen, DVD-utgivinga og visinga av dei restaurerte filmane på internasjonale filmfestivalar har gitt mange presseoppslag og positiv merksemd. Funnet og restaureringa av den kinesiske stumfilmen *Pan Si Dong* førte til mykje kontakt med, og stor merksemd i, kinesiske medium. Oppslag rundt restaureringa og DVD-utgivinga av dei to siste polarfilmene til Roald Amundsen og lanseringa av Norsk filmografi har òg bidrege til å synleggjere Nasjonalbiblioteket som nasjonalt filmarkiv.

## Bokhylla.no

2013 var året då verda oppdaga digitaliseringsprosjektet til Nasjonalbiblioteket og Bokhylla.no. Digitaliseringsprosjektet blei omtalt i fleire leiande internasjonale nyheitsmedium, til dømes

### BBC

New York Daily News

The Independent

The Huffington Post

The Atlantic

Omtalen i utanlandsk presse fornya interessa i nasjonal presse òg.



I etterkant av dei internasjonale oppslaga om Bokhylla blei det registrert auka søkjeaktivitet frå heile verda på nb.no. Det er illustrert grafisk på kartet ovanfor.

## Utspel til pressa

Nasjonalbiblioteket har hatt omkring 40 utspel til pressa dette året. Gjennom året er det arbeidd med å informere om verksemda og samlinga gjennom personleg kontakt, pressemeldingar, våre eigne nettsider og sosiale medium. Ved utgangen av året ser vi at presseoppslaga i 2013 reflekterer ei gjennomgåande positiv innstilling til Nasjonalbiblioteket i media.

<b>Profilar</b>	<b>Web</b>	<b>Papir</b>	<b>TV/radio</b>	<b>Totalt</b>
<b>Nasjonalbiblioteket</b>	964	1191	16	<b>2171</b>
<b>Totalt</b>	<b>964</b>	<b>1191</b>	<b>16</b>	<b>2171</b>

Statistikk frå medieovervakingstenesta Retriever.

### **Sosiale medium**

Twitter og Facebook blir brukt dagleg i Nasjonalbiblioteket. Det har òg vore lagt ut bilete på fototenesta Flickr og filmar på YouTube.

## 5 VEDLEGG

### 5.1 Strategien og hovudsatsingsområda til Nasjonalbiblioteket

Våren 2013 avslutta Nasjonalbiblioteket strategirevisjonen for perioden 2013–2017. Hovudsatsingane frå førre strategiperiode ligg fast. Det er gjort nokre justeringar i tråd med utviding av mandat og oppgåveportefølje, og det er implisitt at Nasjonalbiblioteket også er eit digitalt bibliotek i kraft av den store og veksande samlinga av digitalt innhald.

**Ambisjonen til Nasjonalbiblioteket er å vere minnet til nasjonen og eit multimedialt senter for kunnskap og kultur.**

Hovudmåla til Nasjonalbiblioteket er

- å vere eit av dei mest spennande og moderne nasjonalbiblioteka i Europa
- å bevare, gi tilgang til og aktivt formidle kulturarven gjennom å utvikle moderne digitale bibliotektenester
- å vere kjelde til og infrastruktur for forskning, læring og kultur- og språkutvikling
- å bidra til å gjere fag- og folkebiblioteka til aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar

#### **Utdjuping av hovudmåla til Nasjonalbiblioteket:**

Pliktavleveringslova gir Nasjonalbiblioteket mandat til å samle inn, registrere og bevare for ettertida norsk publisert kunnskaps- og kulturproduksjon frå alle medium. Med dette som kjelde for samlingsoppbygging og kunnskaps- og kulturformidling har Nasjonalbiblioteket ein ambisjon om å vere eit av dei mest moderne og spennande nasjonalbiblioteka i Europa.

Samlinga utgjer ein unik kunnskapsbase til bruk både i notid og framtid. Tilgjengeleggjering og aktiv formidling av samlinga til forskings- og dokumentasjonsformål og til eit allment publikum er basert på fagkunnskap, samlingskunnskap og kompetanse om moderne nettbasert kunnskapsdeling og formidling.

I rolla som norsk språkbank og infrastruktur for forskning gir den digitale samlinga til Nasjonalbiblioteket norsk forskning eit internasjonalt fortrinn gjennom nettbasert tilgang til tekst-, lyd- og biletbaserte kjelder om den norske kultur- og samfunnshistoria.

Innanfor strategisk viktige område for eiga verksemd skal Nasjonalbiblioteket vere eit nasjonalt kompetanse- og ressurscenter for andre institusjonar i kultursektoren. Det gjeld mellom anna opphavsrett, konservering av papir, foto og film, digital bevaring og utvikling av autoritetsregister og metadatastandardar.

Gjennom tenesteutvikling og i dialog med norske folke- og fagbibliotek skal Nasjonalbiblioteket bidra til å gjere biblioteka til aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar. Verksemdsområda til Nasjonalbiblioteket er nærmare beskrivne i eigne retningslinjer. Desse omfattar samlingsutvikling, fagutvikling og forskning, formidling, bevaring, digitalisering, kommunikasjon og bibliotekutvikling. (Områda skal reviderast i 2013.)

For at Nasjonalbiblioteket skal klare å nå dei faglege ambisjonane sine, held ein auge med kompetanse, ressursbruk, arbeidsprosessar og struktur, slik at organisasjonen er tilpassa oppgåvene som skal løysast.

## **I perioden 2013–2017 har Nasjonalbiblioteket fokus på følgjande oppgåver:**

- Utvide bokhylla.no til å omfatte alle norske bokutgivingar fram til og med år 2000
- Vidareføre digitaliseringsprogrammet
- Leggje samlingane til rette for forskingsformål
- Sørgje for nettbasert tilgang til opphavsrettsleg verna materiale gjennom avtalar
- Bli meir tilgjengeleg ved å eksponere metadata og digitalt innhald for dei store søkjemotorane
- Gjennomføre utstillings- og kulturprogram og fagseminar og konferansar som aktivt og målretta formidlar samlinga
- Auke tilveksten av pliktavlevert og anna materiale i digital form
- Fylle historiske lakunar i samlinga og supplere med tilleggsmateriale som aukar verdien for forskning og dokumentasjon og til bruk i andre bibliotek
- Sørgje for sikker digital langtidsbevaring av kulturarvsmateriale for egne og andre samlingar
- Utvikle nye former for kunnskapsorganisering og attfinning
- Supplere den pliktavleverte samlinga
- Implementere konsekvensane av ny pliktavleveringslov
- Etablere og vidareutvikle strategiske partnarskap innanfor kjerneområda
- Tilpasse og utvide bygningsmassen for å kunne løyse kommande oppgåver

## 5.2 Nokre viktige anskaffingar til samlinga til Nasjonalbiblioteket i 2013

- Sigrid Undset (manuskript til Madame Dorthea)
- Tarjei Vesaas (manuskript til Is-slottet)
- Godfred Hansen (dagbok frå Roald Amundsens ekspedisjon gjennom Nordvestpassasjen)
- Knut Hamsun (brev til Marie Hamsun)
- Edvard Munch (brev til kunsthistorikar Curt Glaser)
- Arne Skouen (privatarkiv)
- Ingrid Bjoner (privatarkiv)
- Asbjørn Aarnes (privatarkiv)
- Peter R. Holm (privatarkiv)
- Arne Thomas Olsen (privatarkiv)
- Den norske Forfatterforening (organisasjonsarkiv)
- Norsk Sangerlag (organisasjonsarkiv)
- Studenterhjemmet av 1875 (organisasjonsarkiv)
- Kalvøya-festivalen (organisasjonsarkiv)
- Trygve Madsen (musikkmanuskript)
- Friedrich August Reissiger (musikkmanuskript)
- Egil Monn-Iversen (musikkmanuskript)
- Ivar Simastuen (musikkmanuskript)
- Alf Blyverket (musikkmanuskript)
- ECM Records (masterbandarkiv)
- Grappa musikkforlag (masterbandarkiv)
- Kirkelig Kulturverksted (masterbandarkiv)
- Tylden & Co (masterbandarkiv)
- Sonor Records (masterbandarkiv)
- Jonas Ramus, *Aandelig Herbarium* (1695)
- D. Engelbretsdatter, *Aandelige Sang- og Taareoffer* (1699)

## 5.3 Oversikt over samlinga til Nasjonalbiblioteket

### Tilvekst 2013

Endringar i talet på pliktavleverte dokument (sikringseksemplar)		
Dokumenttypar	2012	2013
Bøker	10 286	10 238
E-bøker	313	2 048
Lydbøker	364	347
Tidsskrift (løpande titlar)	10 674	10 480
Aviser (løpande titlar)	254	254
Småtrykk	21 188	16 740
Kart	434	233
Notar	308	204
Postkort	666	1 006
Plakatar	1 380	1 418
Musikk	1 662	1 643
Video	520	439
Kringkasting (fysiske einingar)	99	0
Digital radio (timar)	51 654*	87 490**
Digitalt fjernsyn (timar)	92 018*	101 009**
CD-ROM, DVD-ROM og diskettar (monografiar)	10	4
Norske nettdokument	3 272 mill.	964,5 mill.
Digitale aviser – hefte	3 900	4 818
Digitale aviser – sider	350 000	310 803
Analog/digital film – kort- og langfilm	124	253

\* Ikkje medrekna distriktskontorsendingar (2012)

\*\* Tal medrekna distriktskontorsendingar (2013)

Tilvekst av andre dokument (bortsett frå første pliktavleverte eksemplar)				
Dokumenttypar	2012	Avgang 2012	2013	Avgang 2013
Bøker	108 255	22 825	94 906	32 752
Tidsskrift (hefte)	96 000		74 155	
Småtrykk	21 188		28 638	
Notar	308		204	
Plakatar	2 374		1 187	
Bilete	1 960		14 534	
Lydopptak	2 323		3 791	
Film og videogram (rullar og kassetar)	1 008		727	
Kringkasting (fysiske einingar)	15 490		5 193	
<b>Ferdig restaurert kort- og langfilm</b>				
Titlar	52		44	
– I minutt	4 700		3 200	

## Samlingsstorleik per 31.12.2013

Materialtype	Digital tilvekst	Digital bestand	Bestand	Eining
Aviser	172 500	632 405	5 307 000	<i>Hefte</i>
Bilete	51 988	663 330	1 977 015	<i>Tal</i>
Bøker	58 528	348 397	2 611 177	<i>Bind</i>
Handskrifter og notemanuskript	55 762	367 060	> 16 000 000	<i>Sider</i>
Film	637	9 180	335 399	<i>Rullar og videokass.</i>
Kart	-	-	58 977	<i>Tal</i>
Musikk/lydopptak	3 770	22 852	193 609	<i>Band, plater o.l.</i>
Notetrykk	-	-	77 938	<i>Tal</i>
Plakatar	3 675	9 964	116 814	<i>Tal</i>
Postkort	-	-	260 188	<i>Tal</i>
Radio	108 185	813 663	1 569 639	<i>Timar</i>
Småtrykk	-	-	2 578 016	<i>Tal</i>
Tidsskrift	1 403	3 113	4 470 136	<i>Hefte</i>
Fjernsyn	96 124	482 598	762 991	<i>Timar</i>


I denne tabellen blir registrert materiale, både norsk og utanlandsk, talt. I tillegg vil det for nokre materialtypar bli talt fleire analoge eksemplar. Dei samla tala vil derfor ikkje seie noko om kor mange unike titlar Nasjonalbiblioteket eig.



## 5.4 Tildeling av prosjekt- og utviklingsmidlar i 2013

<b>Tittel</b>	<b>Søkjar</b>	<b>Tildeling</b>
Mangfold i ord	Odda bibliotek	60 000
De unges bokskaperkunst	Deanu Girjerádjju / Tana Bibliotek	100 000
Når vertinnen har gått hjem	Vegårshei kommune	200 000
På veg mot praksisfellesskap!	Meland bibliotek og Lindås bibliotek	130 000
Barnebokdagene i Gjøvik 2013	Gjøvik bibliotek	200 000
Ta en bibliotekar og la henne vandre	Hedmark fylkesbibliotek	150 000
Leseglade skolestartere	Vennesla bibliotek	50 000
Bibliotekutvikling gj. brukerdrevet innovasjon	Universitetsbiblioteket i Oslo	350 000
Hardangerbiblioteka der folk ferdast	Odda bibliotek	95 000
Gol bibl. i Hallingmo kunnskaps- og kulturpark	Gol kommune	250 000
eBorgerskap i Vestfold	Vestfold fylkesbibliotek	400 000
Avis på Brett – app for avismateriale i Telemark	Høgskolen i Telemark	180 000
Aktive hyller	Deichmanske bibliotek	550 000
Bokanbefalinger	Deichmanske bibliotek	600 000
Stavanger 2013 – Speiderleirbibliotek	Sølvberget KF, Stavanger bibliotek og kulturhus	60 000
Bibliotektenester og endring i UH-organisasjoner	Biblioteket, Høgskolen i Bergen	375 000
Litteraturer	Hedmark fylkesbibliotek	320 000
marc2rdf-konvertering av MARC-data	Deichmanske bibliotek	310 000
Vinterles	Alvdal, Folldal, Tolga, Os og Rendalen bibliotek	245 000
Lokalt og digitalt	Bærum bibliotek	75 000
Ta plass!	Vestfold fylkesbibliotek	150 000
Digital arena	Bergen offentlege bibliotek	300 000
Digitalt pensumsystem	Universitets- og høgskolerådet	600 000
Nye Lesefrø	Deichmanske bibliotek	350 000
Digital historiefortelling	Salten kultursamarbeid	150 000
Digital formidling – til og fra ungdom	Skedsmo bibliotek	140 000

Presentasjonsformater for e-publikasjoner	Universitetet i Tromsø	130 000
Prosjekt Leselunden	Kvinnherad bibliotek	75 000
Nytte og hygge	Lindås bibliotek	160 000
Opne digitale bibliotek	Hordaland fylkesbibliotek	90 000



## 5.5 Aviser med digitaliseringsavtale og tilgang i norske bibliotek

- Adresseavisen
- Aftenposten
- Asker og Bærum budstikke
- Avis Nordland
- Bergens Tidende
- Dagbladet
- Dag og Tid
- Dagens Næringsliv
- Firda Folkeblad
- Fædrelandsvennen
- Hamar Arbeiderblad
- Helgeland Arbeiderblad
- Inderøyningen
- Jærbladet
- Moss Avis
- Rana Blad
- Stavanger Aftenblad
- Steinkjeravisa
- Trønderavisa
- Tønsbergs Blad
- Verran Namdalseid

## 5.6 Vinnarane av språkkonkurransen i samband med Språkåret 2013

### Vinnarane på mellomtrinnet:

- Klasse 6 b på Hasle skole i Oslo, med filmen «Språkdetektiv»
- 7. trinn på Paradis skole i Bergen, med lysbiletepresentasjonen «Språk i ditt liv – på jakt etter metaforer»
- 7. klasse på Mjølkeråen skole i Bergen, med filmen «Språket i dag»

### Vinnarane på ungdomsskuletrinnet:

- 9. klasse på Steigens skolen Leinesfjord, med plakatkollasjane «Ord vi lika!» og «12 på topp»
- 10. klasse på Lunde skole i Stavanger, med essayet «Languaget in the future, lissom»
- 9. klasse på Valle skule i Valle i Setesdalen, med filmen «Dialekt fotostory»

### Vinnarane på vidaregåande trinn:

- Klasse 1MDA på Greveskogen vidaregåande skole i Tønsberg, med kollasjen «WORD Wide Web»
- 2. klasse på Rosenvilde skole i Bærum, med filmen «Samtaler med nettet»
- 2. klasse på Kristiansund vidaregåande skole i Kristiansund, med filmen «Språk i min kvardag»

### Fagjuryen som evaluerte bidraga:

- Juryleiar Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet
- Lisa Baal, leiar i Senter for samisk i opplæringa
- Hanne Haugli, rådgivar i Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring
- Johanne Ostad, Nasjonalbiblioteket
- Inger Johanne Sæterbakk, prosjektleiar i Språkåret 2013
- Helene Uri, forfattar og språkvitar
- Liv Kristin Bjørlykke Øvereng, høgskulelærer ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

## 5.7 Forklaringar til statsrekneskapen for 2013

Vi viser til Kulturdepartementet (KUD) sitt brev av 20.11.2013. Vi viser òg til KUDs tildelingsbrev av 20.03.2013 (ref. 12/858- KHA).

For å lette oversikta over forklaringane blir oversiktene gitt per post inkludert notar/forklaringar knytte til posten. Nasjonalbiblioteket har valt å berre kommentere vesentlege avvik.

### Kapittel 0326 post 01 – driftsutgifter (jf. kapittel 3326 post 01)

<b>Overført frå 2012</b>	<b>6 339 000</b>
<b>Tildelt løyving 2013 (jf. endeleg tildelingsbrev)</b>	<b>430 106 000</b>
<b>Ev. endring i løpet av året</b>	<b>2 237 000</b>
<b>Tildelt 2013</b>	<b>438 682 000</b>
<b>Rekneskap 2013</b>	<b>441 529 488</b>
<b>Meirutgift</b>	<b>-2 847 488</b>

#### Note 1:

Post 01 viser eit meirforbruk på 2,9 millionar kroner. Nasjonalbiblioteket har brukt den disponible ramma med omsyn til meirinntektsfullmaktene som er gitt i tildelingsbrev av 20.03.2013. Sjå post 01 i relasjon til refusjonar under kapittel 3326.

Dei totale meirutgiftene og inntektene under post 01 kan forklarast med følgjande inndekking:

Meirinntekt, jf. kapittel 3326 post 01	3 382 884
Refusjon arbeidsmarknadstiltak, jf. kapittel 3326 post 15	118 623
Refusjon fødselspengar/adopsjonspengar, jf. kap. 3326 post 16	2 578 116
Refusjon lærlingar, jf. kap. 3326 post 17	29 388
Refusjon sjukepengar, jf. kap. 3326 post 18	6 189 867
<b>Kontrollsum</b>	<b>12 298 877</b>
<b>Meirutgift under kapittel 0326 post 01</b>	<b>-2 847 488</b>
<b>Totalt mindreforbruk</b>	<b>9 451 389</b>

Mindreforbruket på 9,5 millionar kroner på post 01 må sjåast i samanheng med fullmakt for løyve post 77 på 0,122 millionar kroner; i alt 9,328 millionar kroner blir søkt overført til 2014.

Meirutgiftene på post 01 kjem i hovudsak av planlagd drift sett i samanheng med inntekter. Meirinntekta på post 01 kjem av samarbeidsrelaterte utgifter som har tilsvarende beløp på inntektssida. Sjå òg forklaring knytt til note 5 om inntekter.

### Kapittel 0326 post 45 – investeringar

<b>Overført frå 2012</b>	<b>10 093 000</b>
<b>Tildelt løyving 2013 (jf. endeleg tildelingsbrev)</b>	<b>24 710 000</b>
<b>Ev. endring i løpet av året</b>	<b>0</b>
<b>Tildelt 2013</b>	<b>34 803 000</b>
<b>Rekneskap 2013</b>	<b>20 104 618</b>
<b>Mindreutgift</b>	<b>14 698 382</b>

*Av mindreforbruket på 14,7 mill. kroner på post 45 blir det søkt om å overføre 11,7 mill. kroner til 2014.*

**Note 2:**

Mindreforbruket på post 45 er nær knytt til at eit investeringsprosjekt blei omdefinert av byggherren, og dermed kjem den økonomiske belastinga via husleige for Nasjonalbiblioteket. Eitt prosjekt er utsett som følgje av forseinka prosessar hos byggherren. Vidare er oppgraderinga av areal ved mikrofilm i Rana ikkje fullt ut gjennomført i 2013.

**Kapittel 0326 post 77 – prosjekt og utviklingstiltak**

<b>Overført frå 2013</b>	<b>0</b>
<b>Tildelt løyving 2013 (jf. endeleg tildelingsbrev)</b>	<b>16 902 000</b>
<b>Ev. endring i løpet av året</b>	
<b>Tildelt 2013</b>	<b>16 902 000</b>
<b>Rekneskap 2013</b>	<b>17 024 954</b>
<b>Meirutgift</b>	<b>-122 954</b>

**Note 3:**

Post 77 viser eit meirforbruk på 0,122 millionar kroner.

Meirforbruket på 0,122 millionar kroner på post 77 må sjåast i samanheng med mindreforbruket på kapittel 0326 post 01.

**Kapittel 0326 post 80 – ymse faste tiltak**

<b>Overført frå 2012</b>	<b>0</b>
<b>Tildelt løyving 2013 (jf. endeleg tildelingsbrev)</b>	<b>49 838 000</b>
<b>Ev. endring i løpet av året</b>	<b>0</b>
<b>Tildelt 2013</b>	<b>49 838 000</b>
<b>Rekneskap 2013</b>	<b>49 817 000</b>
<b>Mindreutgift</b>	<b>21 000</b>

**Note 4:**

Post 80, ymse faste tiltak, viser ei mindreutgift på 21 000 kroner.

**Kapittel 3326 post 01 – inntekter (jf. kapittel 0326 post 01)**

<b>Overført frå 2012</b>	<b>0</b>
<b>Tildelt løyving 2013 (jf. endeleg tildelingsbrev)</b>	<b>8 328 000</b>
<b>Ev. endring i løpet av året</b>	<b>0</b>
<b>Tildelt 2013</b>	<b>8 328 000</b>
<b>Rekneskap 2013</b>	<b>11 710 884</b>
<b>Meirinntekt</b>	<b>3 382 884</b>

**Note 5:**

Nasjonalbiblioteket har ei meirinntekt på post 01 på 3,4 mill. kroner. Mogleg overførbare midlar er justerte for meirinntekta. Av inntekter på 11,7 mill. kroner er 6,0 mill. kroner knytte til samarbeidsprosjekt som òg har ei utgiftsside. I 2013 gjeld dette digitalisering av stortingsforhandlingane og NRK-avtalen.

### **Oppsummering**

Nasjonalbiblioteket har ei mindreutgift under kapittel 0326 post 01 på 9,45 mill. kroner når ein tek omsyn til meirinntektsfullmakta i kapittel 3326. Vidare går kapittel 0326 post 77 med ei meirutgift på 0,122 mill. kroner. Desse to postane må ein sjå i samanheng, og samla gir det eit mindreforbruk på 9,328 mill. kroner. Med bakgrunn i oppstillinga i dette brevet vil Nasjonalbiblioteket søkje om å få overføre 9,328 mill. kroner på post 01. Av mindreforbruket på 14,7 mill. kroner på post 45 blir det søkt om å overføre 11,7 mill. kroner til 2014, jf. note 2.

## 5.8 Publikasjonar

To nye titlar er komne ut i den vitenskaplege skriftserien til Nasjonalbiblioteket *Nota bene*:

- *Den engasjerte kosmopolitt. Nye Bjørnson-studier*
- *Latin Manuscripts of Medieval Norway*

Den første tittelen blei kjøpt inn av Kulturrådets sakprosaordning.

Nasjonalbiblioteket starta i 2013 eit samarbeid med Det norske språk- og litteraturselskap om etablering og publisering av norske litterære verk som er falne i det fri. Utgåvene blir publiserte som e-bøker, og samarbeidet har så langt resultert i 46 utgivingar – to av dei er vitenskaplege utgåver:

- Camilla Collett, *Amtmandens Døtre*, utg. Kristin Ørjasæter
- *Tre skiturfortellinger fra 1884*, utg. Audun Renolen Aasbø
- Peter Dass, *Katekismesanger*, utg. Jon Haarberg

I samband med hovudutstillinga «Propaganda! Russiske og norske plakater 1920–1939» blei katalogen *Propaganda! Russiske og norske plakater 1920–1939* produsert. Katalogen blei gitt ut på Press forlag.

Det er gitt ut to utgåver av NB21:

- 1-2013 *Morgendagens bibliotek*
- 2-2013 *Underveis, utvikling i bibliotekene*

Fagpersonar frå Nasjonalbiblioteket har i tillegg bidrege med eit trettitals artiklar i norske og utanlandske publikasjonar. Ti av artiklane er publiserte i fagfelleverderte antologiar eller tidsskrift.

*Bibliotheca Nova* kom ut med fire utgåver:

- Kultur, inkludering og bibliotek
- Jenter og makt! Kari Skjønberg-dagene 2013
- Bibliotek og helse
- Digitalformidling



## 5.9 Rapportering om tryggleikstilstanden ved Nasjonalbiblioteket

### Om Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket er lokalisert i Oslo og Mo i Rana og har om lag 450 tilsette.

Med utgangspunkt i pliktavleveringslova samlar Nasjonalbiblioteket inn, registrerer, oppbevarer og formidlar publisert materiale frå alle medium. Det omfattar trykt materiale som bøker og aviser, kringkasta materiale frå radio og TV, film, musikk, foto og utvalde delar av det norske .no-domenet frå Internett. Samlinga representerer eit nesten komplett uttrykk for norsk kunnskaps- og kulturproduksjon og inneheld fysiske objekt og digital informasjon som blir oppbevarte i klimaregulerte og fysisk sikra magasin i Oslo og Mo i Rana.

Bygningsmassen i Nasjonalbiblioteket består av kontorlandskap, produksjonslokale av ulike storleikar, enkeltkontor, publikumsareal, audiovisuelle verkstader og medielaboratorium. I tillegg har vi store magasin som sikringsmagasinet i fjellet i Mo i Rana, digitalt sikringsmagasin, nitratfilmlager, underjordisk magasin i Oslo og Nordens største automatlager for bøker, tidsskrift og andre typar materiale.

### Oversikt over dei viktigaste sårbarheitene

Nasjonalbiblioteket gjennomfører risiko- og sårbarheitsanalysar for å kunne førebyggje uønskte hendingar og samtidig førebu handtering av uønskte hendingar, slik at ein kan unngå tap av og skade på liv, materielle verdiar, helse, miljø, viktig infrastruktur og omdømme og/eller sørgje for at skadane blir så små som mogleg.

Analysane til Nasjonalbiblioteket gir eit overordna bilete av risiko og sårbarheit og peiker på nokre av dei viktigaste utfordringane innanfor tryggleik og beredskap. Hovudfokus i dette arbeidet er analysar som ser på magasinane og samlingane til Nasjonalbiblioteket, inkludert dei digitale sikringsmagasina (DSM) og liv og helse for dei tilsette (HMS).

Dette arbeidet er ein kontinuerleg prosess. Risikostyringa og risikoprosessen blir gjennomgått minst ein gong i året, revidert av leiargruppa og fastsett av nasjonalbibliotekaren. I tillegg blir risikostyringa revidert dersom det skjer endringar i rammevilkåra som leiinga meiner vil kunne påverke risikoprofilen til Nasjonalbiblioteket vesentleg.

### Vurdering og tiltak for å redusere risikoen

Nasjonalbiblioteket har i løpet av året gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar på fleire område. Formålet har vore å utvikle ei heilskapleg oversikt over dei risikoforholda verksemda står overfor, og vere endå meir merksam på samfunnstryggleik og beredskap. Risiko- og sårbarheitsanalysane er samla i ein rapport som er levert til Kulturdepartementet. Detaljar og tiltak i analysen er utelatne i den vedlagde rapporten.

På bakgrunn av prosessane og tiltaka som alt er sette i verk, har Nasjonalbiblioteket utarbeidd ein overordna beredskapsplan med tiltakskort.

Nasjonalbiblioteket etablerte i 2013 ei gruppe som vidareutviklar opplæring og øvingar internt. Som eit ledd i dette har alle tilsette i Nasjonalbiblioteket hatt høve til å delta på kompetanseheving i informasjonstryggleik i samband med Nasjonal tryggleiksmånad i regi av NorSIS i oktober 2013. Opplæringa har blitt organisert gjennom e-læring.

I 2014 skal opplæringsplanen til Nasjonalbiblioteket implementerast i alle avdelingar i verksemda. I tillegg vil det bli laga eit nytt opplæringsprogram som alle nyttilsette skal gjennomføre. Det skal òg leggjast fram ein plan for øvingar som skal gjennomførast. Fokus vil vere på hendingar som påverkar beredskapsplanen og medfører at kriseleiinga blir aktivisert. Til dømes hendingar som kan vere ein trussel både mot tilsette og gjester og mot samlingane til Nasjonalbiblioteket.